

Frå undersått til statsborgar

Grunnlova som føresetnad for norske moderniseringsprosessar på 1800-talet¹

Grunnlov og Storting

Sjå for deg at du er lekpredikant på slutten av 1700-talet. Du vil forkynne og halde religiøse møte. Men du får ikkje lov. Konventikkelplakaten frå 1741 forbyr det. Kva kunne du gjere? Du kunne reise til København, i håpe på å få audiens hos kongen. Men med Grunnlova av 1814 er dette endra. No kan du vende deg til Stortinget. Der blir lover laga. Kort sagt, etter 1814 er det fornuftig å bli politisk. Og slik gjekk det. Folk lærte å organisere seg, lærte seg å ta ordet, lese og skrive – erfaringar som er viktige i moderne samfunn. Haugianarane illustrerer dette. Men dei var ikkje aleine. Stortinget opna for politisk kamp og danning, i striden mellom embetsstand og folkelege rørsler. Det same gjeld kommunestyra, frå 1837. Det vart argumentert i skrift og i tale.² Folk lærte å organisere seg og argumentere for nye lovforslag, mot dei gamle. Dei vart vant til å høyre motargument og til å vere lydhøyr overfor opponentane. Stortinget opna for politisering og modernisering.

Bakgrunn

Det dansk-norske eineveldet på slutten av 1700-talet var eit opplyst einevelde. To poeng er viktige i den samanhengen: (i) Monarken var til tider uskikka til å styre, og dermed var det i realiteten dei fremste embetsmennene som tok over styringa. (ii) På 1730-talet kom det lover om allmenn skulegang og obligatorisk konfirmasjon, og utover på 1700-talet fekk opplysningsideane etter kvart eit gjennomslag.

I så måte var embetsverket og opplysningsprosjektet allereie på plass før 1814. I så måte er det ein mjuk overgang, og ingen opprivande revolusjon som i Frankrike. Men i og med den nye grunnlova var det ein dramatisk overgang, og det på to måtar:

Under det gamle regimet låg legitimiteten hos fyrsten. Derfor kunne dei sigrande fyrstane overføre Noreg (som fyrsteleg eigedom) frå den danske kongen til den svenske kongen. Men i og med at «folkets» valde representantar kom saman til grunnlovsforsamlinga på Eidsvoll, er det *folkesuverenitetsprinsippet* som (i praksis) blir lagt til grunn. Legitimiteten ligg hos folket, ikkje hos fyrsten.

Som nemnt, før 1814, før Grunnlova, måtte ein reise til kongens København og med lua i handa be om audiens for å kunne leggje fram supplikkar (klagemål og søknader). Men no, i og med Grunnlova, fekk vi ei nasjonalforsamling, Stortinget, der lover blir vedtekne. Vil ein endre på noko, er det vegen å gå: Inn i politikken, inn i diskusjonane og maktkampen i og rundt Stortinget, som no blir *ein arena og ein magnet for politiske læringsprosessar*. Dermed fekk vi eit stridig samspel mellom embetsmenn og folkelege rørsler, ut gjennom 1800-talet.

Historiske føresetnader for «den norske modellen», i eit modernitetsteoretisk perspektiv

Slik kan vi sjå det, frå 1814 og framover. Men lat oss snu på perspektivet, og sjå attende, frå situasjonen i dag: Vi fekk Grunnlova, men kva elles?

I dag er det mykje snakk (og skryt) om ”den norske modellen”, t.d. når norske politikarar er på sjarmoffensiv på det økonomiske toppmøtet i Davos. Kva har dei i tankane? I alle fall dette: ein generell og sjenerøs velferdsstat, innanfor rammene av eit velfungerande rettsstatleg demokrati.

Ikkje alle vil ha ein slik velferdsstat (jf den sterke motstanden i USA) og mange som vil ha det, får det ikkje til. Så, kva er det med Norden? Kvifor er det særleg i Skandinavia, og i utvida forstand i Norden og Nordvest-Europa, at vi finn slike ordningar? ”Modellen” kan beskrivast i statsvitskaplege og økonomiske termar, men for å svare på dette spørsmålet, må vi sjå på historia.

Aller først, ei påminning om to fakta: Hos oss er det allmenn oppslutning om velferdsstaten; dette gjeld alle politiske parti (jamvel om det er ulike syn på finansiering og på fordeling, t.d. mellom pensjonistar på den eine sida og arbeidslause på den andre). Og hos oss er det påviselege ein uvanleg høg grad av tillit, både til andre personar og til politiske og rettslege institusjonar.³

Så lat oss sjå på historia. Men historie er så mangt. Kva for begrep bør vi nytte? Og kva for hendingar bør vi fokusere på? Her er mine svar, mine val: (i) vi bør nytte begrep om modernisering og demokratiutvikling, (ii) og vi bør ha fokus på skilsetjande erfaringar, som ved krig og krise og ved varige kultur- og klassekonfliktar med tilhøyrande

formingsprosessar – alt dette på bakgrunn av naturgitte vilkår og politiske og økonomiske faktorar både innanlands og utanlands.

Modernisering

Modernisering kan vere så mangt. Her blir begrepet modernisering forstått ut frå utviklinga av vitenskapar og samfunnsinstitusjonar: På den eine sida, institusjonelle differensieringar, t.d. mellom stat, marknad og sivilsamfunn, og mellom religion og politikk. På den andre sida, utvikling og utskiljing (differensiering) av ulike vitenskapar og rasjonalitetsformer, slik som utviklinga av

årsaksforklarande vitenskapar og rasjonalitet, for instrumentell bruk, i samspel med teknologisk utvikling (jf dei nye naturvitenskapane frå renessansen og framover)

tolkande vitenskapar og rasjonalitetsformer, t.d. av religiøse tekstar og av juridiske lover (velkjende vitenskapar allereie i antikken, men aktualisert ved framveksten av alternative trusretningar med reformasjonen og ved framveksten av nasjonalstatane med ny lovutvikling på same tid)

drøftande og argumenterande rasjonalitet, sidan vi er feilbarlege og må ta motargument på alvor (slik vi har det innanfor og mellom dei ulike vitenskapane, men også ved utviklinga av ein statsborgarleg offentleg sfære, med meiningsdannande offentleg samtale, knytt opp til opplysningsidealet og seinare til framveksten av demokrati)

Desse rasjonalitetsformene er ikkje frittsvevande, men forankra i aktørar og institusjonar – t.d. ved bruk av ulike former for ekspertise og ved praksisbaserte læringsprosessar (t.d. ved sjølvorganisering, jf dei folkelege rørslene).

Moderne demokrati

Som institusjon kan demokrati definerast som politisk fleirtalsstyre ut frå frie og allmenne val, ved myndige borgarar som forstår kva dei er med på. Demokrati i moderne samfunn krev derfor folkeopplysning og allmenn skulegang. Som statsborgar i eit demokrati har vi politisk makt og medansvar. Det er skilnad på rollene som statsborgar og som undersått.

Norske særtrekk

Så er spørsmålet (gitt desse definisjonane av modernisering og demokrati): Er det særtrekk ved norsk modernisering og demokratiutvikling? Finst det særeigne og skilsetjande hendingar og erfaringar?

Eit særeige trekk ved norsk (og skandinavisk) historie er det stridige samspelet mellom luthersk⁴ embetsstand og vellykka folkelege rørsler. Det byrjar (med Hans Nielsen Hauge) allereie på slutten av 1700-talet, så kjem sjuårskrigen og den nye grunnlova i 1814 som skilsetjande hendingar, og så held det fram utover på 1800-talet, fram mot innføringa av parlamentarismen i 1884, med påfølgjande partidanning og institusjonsbygging.

Forutan i Skandinavia er det i Preussen vi har hatt ein sterk luthersk embetsstand. Men det som vart Tyskland, har ikkje hatt vellykka folkelege rørsler slik som i Skandinavia: Dei tyske folkerørslene vart til dels antidemokratiske. Med andre ord, konstellasjonen av protestantisk embetsstand og vellykka folkelege rørsler er særtrekk ved Skandinavia.

Kva inneber det? Her held vi oss til norsk historie og byrjar med å minne om klasseforholda:

Klasser og grunnlov

Frå 1814 og framover var det i hovudsak tre klasser i Noreg: embetsstand, borgarskap, bønder. I praksis, ingen adel. Embetsmennene var juristar og teologar, i tillegg til høgare offiserar. Dei var politisk mektige av to grunnar: dei hadde ingen adel som pusta dei i nakken, og dei var på same tid statstenestemenn og aktive politikarar. Dei var fåtalige (under 1 %), men velutdanna - juristane og teologane hadde embetseksamen frå universitetet (først i København, seinare i Christiania), og embetseksamen kan ikkje arvast - som teolog måtte ein kunne gresk, hebraisk og latin, og det er ikkje medfødt. Kort sagt, det er tale om eit meritokrati, betalt over statskassa i ein nyoppretta stat som i utgangspunktet var utarma etter napoleonskrigane.

Så var det borgarskapet, prega av nedgangstidene etter 1814, men fri for ein tradisjonsorientert landadel (jf Danmark) og med visse privilegie (for sagbruk og handel; forøvrig, jf byborgarskapet i Ibsens drama).

Og endeleg var det bøndene, juridisk frie (var aldri liveigne) og ofte sjølveigande, og lese-kunnige. Allereie på 1760-talet hadde bøndene på sørvestlandet vist evne til vellykka organisering og argumentasjon overfor styresmaktene. Dessutan, i mangel av ein nasjonal adel, og fordi embetsstanden i alt vesentleg var prega av dansk språk og kultur, framstod bøndene som berarar av den nasjonale kulturen. Bøndene (av ulike slag) er folket. Dei er det store fleirtal. Industrialisering ligg nesten hundre år fram i tid. Og det var blant bøndene dei folkelege rørslene oppstod.

Grunnlova var progressiv, for si tid, men med avgrensa røysterett og berre blant menn. Men med grunnlova og stortinget var grunnlaget lagt for aukande demokratisering, i samspel med ei kulturell og institusjonell modernisering, både ovanfrå og nedanfrå, fram til 1884 og innføringa av parlamentarismen og den vidare institusjonsbygginga, med ein allmenn tillit til lover og prosedyrar, med relativt moderate materielle skilnader og med ein relativt egalitær politisk kultur – alt saman ressursar for det som skulle bli eit generelt og sjenerøst velferdssamfunn.

Modernisering ovanfrå

Allereie frå midten av 1700-talet var den dansk-norske embetsstanden prega av opplysningsideal og opplysningsiver (jf ”potetprestane”), t.d. hos teologen og opplysningsmannen Erik Pontoppidan som i 1730-åra fekk i oppdrag å skrive ei forklaring til Luther katekisme – ei samling på 759 spørsmål og svar (med ein kortare versjon for dei tungnemme), til bruk ved konfirmasjonen, under tittelen *Sandhed til Gudfrygtighed*. Dette var alvor! Den som stod fast under prestens eksaminasjonen på kyrkjegolv, vart ikkje konfirmert det året; og den som ikkje vart konfirmert, kunne ikkje gifte seg (dette er før prevensjonens tid). Disiplinering av folket!⁵ Men samtidig lærte folk å lese, og når folk kunne lese, kunne dei styrande ikkje vite kva elles dei las eller kva dei tenkte – med andre ord, ei modernisering av folket!⁶ *Sandhed til Gudfrygtighed* vart den meste brukte læreboka i Noreg i dei neste 150 år. (Opplegget førte samstundes til at dansk språk vart innprenta i kvar einaste norsk ungdom, i mange generasjonar.)

Etter 1814 vart moderniseringa ovanfrå boren fram av både prestar og juristar, mellom anna av juristen og politikaren Anton Martin Schweigaard som aktivt moderniserte samfunnet, t.d. ved statistikk og andre former for vitskapleg ekspertise, i statleg regi.

Modernisering nedanfrå

Modernisering nedanfrå kjem med dei folkelege rørsleane. Vi kan her framheve tre, som i rekke og rad går frå spontanitet til organisering, fram til 1884 og innføringa av parlamentarismen. Namnet på leiarane kan tene som stikkord: Hans Nielsen Hauge, Marcus Thrane, Søren Jaabæk. Etter kvart retta dei folkelege rørsleane seg mot Stortinget, som lovgivande forsamling. Men på vegen vart også dei mange kommunestyra viktige (jf formannskapslovene av 1837), ikkje minst som springbrett og opplæringsarena for politiske interesserte.

Vi nøyer oss her med eit par merknader om Hauge og haugianismen: Som ung mann, då han arbeidde ute på marka, fekk Hauge ei religiøs forklaring. Han såg klart for seg kva som var den sanne læra og den rette livsførsel, og dette stod i kontrast til det prestane lærte, desse kondisjonerte som drakk vin, og det som verre var! Han samla folk og forkynte ordet, slik han meinte å kunne lese det ut av dei heilage skriftene. Men då støytte han mot det verdslege lovverket (nemleg konventikkelplakaten) som la ned forbod mot folkelege forsamlingar. Og kva bør ein då gjere, som fornuftige aktør? Med den nye grunnlova og Stortinget som lovgivande forsamling er svaret gitt: Ein bør arbeide for å endre lovene! Haugianismen som i utgangspunktet var ei religiøs rørsle, vart dermed etter kvart, og utilsikta, også eit politisk prosjekt - på grunn av dei juridiske og institusjonelle rammevilkåra med basis i den nye grunnlova.

Men for å nå dit, for å få gjennomslag politisk, måtte ein organisere seg og lære å ta ordet i forsamlingar og kunne tolke verdslege tekstar så vel som religiøse, og dessutan kunne argumentere for dei tolkingane ein meinte var dei rette. Her inngår det mange formande læringsprosessar (der også kvinnene kunne delta på alle plan). Dessutan meinte haugianarane at ein som kristen bør prise Guds skapning ved hardt arbeid, men med nøktern livsstil (i kontrast til den syndefulle overklassa). Men med hardt arbeid og moderat forbruk blir det pengar tilbake, som ikkje kan gå til unødig forbruk, men som må setjast inn i nytt arbeid; dermed blir det akkumulasjon av kapital, nedanfrå, motivert av religiøse grunnar (jf calvinismen).

I tillegg skreiv Hauge oppbyggelege skrifter av mange slag, og dei vart lesne: Det blir sagt at så mange som kvar fjerde norske statsborgar, senile og nyfødde medrekna, hadde kjøpt eit

av Hauges skrifter, i ei tid med ufred og naken naud (jf Terje Vigen), og då kan vi rekne med at skriftene også vart lesne – eit imponerande opplysningsprosjekt! Kort sagt, ved sine gjeremål og sin praksis bidrog haugianarane til opplysning og formande læringsprosessar innanfor dei ulike former for rasjonalitet – tolkande og diskuterande så vel som instrumentelle og praktiske. Med andre ord, ei kraftfull modernisering nedanfrå. I 1842 blir konventikkelplakaten endeleg oppheva. Det synta at det gjekk an å endre lovene, gjennom Stortinget. Og dette var ei viktig sak; det galdt organisasjonsretten.

”Pastoral opplysning”

Dermed fekk vi folkeopplysning og lovorientering både ovanfrå og nedanfrå – frå prestar og frå bønder – kort sagt, ei ”pastoral opplysning”,⁷ som sikra ein mjuk overgang frå tradisjon til fornying, utan opprivande revolusjon og jakobinsk terror og utan etterfølgjande reaksjon og restaurasjon av det gamle regimet, som i Frankrike.

Samspelet mellom protestantisk embetsstand og vellykka folkelege rørsler

Påstanden min er denne: Det stridige samspelet mellom protestantisk embetsstand og folkelege rørsler utgjer ein grunnleggjande dynamikk i norsk modernisering og demokratisering. Dette er ikkje berre noko som hende den gong, utan relevans for situasjonen i dag. Og innslaget frå dei folkelege rørslene kan ikkje avfeiast som ”motkultur”. Tvert om. Dette er skilsetjande erfaringar og læringsprosessar som har forma det norske samfunnet slik vi kjenner det i dag. Det er her vi har nokre av dei avgjerande historiske føresetnadene for ”den norske modellen”.

Eg skal straks underbygge påstanden ytterlegare, men først ei påminning om skilnaden mellom norsk modernisering og sentrale trekk i moderniseringsprosessane i England, Frankrike og Tyskland:

I Noreg vart moderniseringa driven fram ved ein sterk og aktiv stat, med embetsstanden i førarsetet, på ein heilt annan måte enn i England (eller USA). I Frankrike står staten sentralt i moderniseringsprosessane, men dei folkelege rørslene vart banka ned, først etter revolusjonen, så i 1830, så i 1848, så i 1870. Frankrike har ikkje, som i Noreg (og Skandinavia) vellykka og velintegreerte folkelege rørsler, som grunnlag for ein egalitær

politisk kultur, i kontrast til det meir hierarkiske i det franske samfunnet. Også i Tyskland har staten spela ei sentral rolle i moderniseringsprosessane, men utan det formande innslag av demokratiske folkelege rørsler som i Noreg (og Skandinavia).

Modernisering – universell og mangfaldig

Poenget er dette: modernisering, slik vi her har definert begrepet, har visse allmenne og grunnleggjande trekk (som utvikling av ulike rasjonalitetsformer og institusjonar), men måten dette skjer på, t.d. forholdet mellom institusjonane (t.d. statens rolle), og spørsmålet om kva for aktørar og organisasjonar som er med å forme utviklinga, alt dette varierer frå stat til stat. I tillegg har ulike samfunn gjennomlevd ulike kriser og krigar eller hatt ulike former for varige klassekonfliktar eller sosio-kulturelle spenningar. Vi hadde ein lang og fredeleg ”mellomkrigsperiode”, frå 1814 til 1940; ikkje alle var like heldige. Derfor er det rimeleg å tale om mangfaldige moderniseringsprosessar (*Multiple Modernities*).

Historia er med oss

Dessutan, dei ulike vegane som moderniseringsprosessane har tatt, er med å forme dei samfunn vi lever i i dag. Den som trur at vi i moderne samfunn kan gløyme historia, har misforstått. Ein skal ikkje reise lengre enn til Tyskland eller Frankrike før ein merkar skilnadene – for ikkje å snakke om USA eller Kina. Derfor, for å skjønne kor vi er og kven vi er, må vi kjenne vår eiga historie, men også historiene til dei andre. (Kva er det med den franske revolusjonen? Og kva skjedde i Kina i år 213 før Kristus?)

Kva viser hendingane i 1884?

Men så, tilbake til Noregssoga: Med kva for rett kan vi seie at moderniseringsprosessane ut frå det stridige samspelet mellom embetsstand og folkelege rørsler verkar formande inn på dagens norske samfunn? Vi minner om utgangspunktet: Vi har ein velferdsstat som få andre, og vi har høg allmenn tillit, både til personar og institusjonar. Korleis kan det ha seg? Svaret, vil eg hevde, ligg innbakt i dei historiske hendingane og erfaringane som vi har vist

til i det føregåande, men poenget kan skjerpast ved ei påminning om hendingane rundt 1884 og innføringa av parlamentarismen:

I 1884 innførte Sverdrup og venstreopposisjonen parlamentarismen. All makt i denne sal! Regjeringa skal utgå frå stortingsfleirtalet, ikkje frå kongemakta. Kort sagt, ei endring av maktfordelingsprinsippet og eit maktskifte, frå embetsstat til venstrestat, sett i verk og støtta av den radikale intelligentsiaen og av bondeopposisjonen (med tilknytning til dei folkelege rørslene, jf Søren Jaabæk og ”bondevennene”). Same år vart dei politiske partia Venstre og Høgre danna, tre år seinare Det norske arbeidarparti.⁸

Dette er den harmoniserande forteljinga, i ettertid. Men der og då var dette ei dramatisk hending: Det var sterke krefter blant embetsmennene som ville setje hardt mot hardt. Dei hadde makt (hæren og politiet), og dei hadde argument (mot det dei oppfatta som eit kupp). Likevel, endskapen vart at embetsstanden ”abdiserte”, på fredeleg vis. Kvifor? Vi minner om dette: Etter 70 år i fredeleg politisk strid hadde embetsmenn og opposisjon lært kvarandre å kjenne. Gjennom det stridige samspelet mellom embetsmenn og folkelege rørsler hadde det vaksi fram ein grunnleggjande tillit, både til den andre part, som menneske, og til institusjonar og prosedyrar. Etter 70 år med gjensidige læringsprosessar, frå 1814 til 1884, hadde dei fleste embetsmenn tillit til at land og rike ville bestå, og at dei sjølve ikkje ville lide overlast, jamvel om opposisjonen kom til makta ved eit parlamentarisk styresett. Men slik er det ikkje alltid. Legg merke til kor ugjerne folk forlèt taburettane, jamvel etter eit valnederlag, i land der ein fryktar dramatisk forverring av eigne levekår og der ein ikkje har tillit til dei som skal ta over.

Tillit som kulturell ressurs

Så dette er poenget: Det var moderate materielle skilnader, og ein grunnleggjande tillit. Tillit er ein kulturell ressurs (eit smøremiddel) som får demokratiet til å fungere – det er eit vilkår for eit velfungerande demokrati med fredeleg maktskifte og med eit rimeleg omsyn for mindretalet. Men tillit kan ikkje vedtakast, kan ikkje påførast utanfrå, kan ikkje tvingast fram ved trugsmål. Tillit, mellom samfunnsgrupper og mellom personar, kan berre oppstå ved gjensidige erfaringar over tid.

Poenget er dette: Ved utgangen av 1800-talet, på bakgrunn av det stridige samspelet mellom embetsmenn og folkelege rørsler, og trass i klassekamp og kulturkamp, vart det norske

samfunnet prega av ein grunnleggjande tillit. Men her inngjekk det fleire faktorar, kort sagt: lovstyre og lovorientering, moderate materielle skilnader, folkeopplysning, allmennutdanning, sjølvorganisering og politisk deltaking, meiningsdannande diskusjonar i offentlege fora, ein egalitær politisk kultur, og solidaritet utover familie og nærmiljø.

Ein merknad om evna til sjølvorganisering: I 1905, året for unionsoppløysinga, var det folkerøysting om unionen. Berre menn hadde høve til å vere med. Men kvinnene organiserte ei uoffisiell røysting. Og på to veker, i eit grisgrendt og langstrakt land, i ei tid utan mobil og moderne media, hadde eit stort antal kvinner vori med på denne uoffisielle røystinga, så mange som to tredjepartar av dei mannlege røystene – eit imponerande høgt tal.

Politisk homogene, sosio-kulturelt heterogene

På denne måten vart landet samla til eitt rike, politisk. Politisk, og organisatorisk, vart landet einsarta, homogent. Men sosio-kulturelt var vi heterogene, ueinsarta – jf t.d. jamstillingsvedtaket frå 1885, mellom ”det norske Folkesprog” (det som skulle bli nynorsk) og ”vort almindelige Skrift- og Bogprog” (ei omskriving for dansk, det som seinare skulle bli bokmål⁹).

Og så, inn i det nye hundreåret var det tid for institusjonsutbygging og industrialisering, men også for velferdslover – lover for arbeidsvern og sosiallover, og dei radikale barnelovene, ved Johan Castberg og arbeidardemokratane (til venstre for Venstre) som også gjekk sterkt inn for ein felles folkeskule og god allmenndanning. Dermed var grunnlaget lagt for velferdsstaten. Grunnlaget var der – tilliten og solidariteten, og etter kvart eit visst lovverk. Med velferdsauken etter andre verdskrig kunne så velferdsordningane byggjast vidare ut, til det velferdssamfunnet vi kjenner i dag.

Oppsummering om institusjonar og kulturelle føresetnader

Så langt om historiske føresetnader for ”den norske modellen”, i eit modernitetsteoretisk perspektiv. Avslutningsvis vil eg vise til tre moderne institusjonar – vitskapane, demokratiet og velferdsstaten – med påminning om at slike institusjonar har sine kulturelle føresetnader. Det gjeld holdningar og verdiar, dygder og identitetsformer, som desse institusjonane ikkje kan vere forutan.

Vitskapsbaserte *kunnskapssamfunn* kjem skeivt ut om ikkje alle rasjonalitetsformer får komme til orde. Jf faren for situasjonar prega av moderne teknologi og førmoderne holdningar, slik vi hadde det med fascismen på 1930-talet, og slik vi i dag kan merke det både i Midtausten og Midtvesten.¹⁰ Kort sagt, her er det behov for ei kulturell og institusjonell modernisering der alle former for vitskap og rasjonalitet får komme til orde, i eit opplyst og sjølvkritisk samspel, der ein aktivt søkjer dei betre argument og er open for å endre eigne oppfatningar og holdningar når argumenta talar for det.

Rettsstatleg *demokrati* forutset, og krev, at statsborgarar meistrar språket, samfunnet, sakene. Gjer ein ikkje det, kan ein vere undersått (også i ein rettsstatleg velferdsstat), men ikkje statsborgar (i eit moderne demokrati). Slik sett er det ein samanheng mellom demokrati og folkeopplysning.

Ein sjenerøs og generell *velferdsstat* forutset, og krev, allmenn solidaritet, opplysning og lovorientering, ikkje klan-identitet og førmoderne holdningar. Og slike velferdsstatar er berre moglege i moderne demokrati, og derfor krevst det (også her) opplysning og moderne holdningar (som nemnt ovanfor).

Frå statsborgar til undersått?

Den lange norske «mellomkrigsperioden», frå 1814 til 1940, la grunnlaget for modernisering og demokratisering. Ut frå nye rammevilkår, og ved sjølvorganisering og aktiv deltaking, kom det etter kvart eit omslag, frå det å vere undersått til det å vere statsborgar. Men i dag er det endringar på gang. Moderne teknologi og tunge institusjonar får konsekvensar for andre, for andre enn dei som er med å bestemme. På Eidsvoll var det langt på veg dei som bestemte lovene som lovene galdt for – t.d. korvidt ein skulle byggje jernbane frå Christiania til Eidsvoll. Men med dagens globale kapitalisme er det ofte andre enn dei som gir lover og fattar vedtak, som blir ramma – korvidt ein skulle byggje eit atomkraftverk i Murmansk.

Kort sagt, demokratiet er under press. Dei som gir lovene og fattar vedtak, er ofte ikkje dei som blir råka. Og dei som er med å fatte vedtak, har ofte ikkje innsikt i kva vedtaka fører med seg, andre stader og til andre tider.

Dessutan, sterke kapitalinteresser påverkar politikken og politikarane. Elitar med høge inntekter kjenner ikkje kor skoen trykker, ikkje hos folk flest og ikkje med tanke på kommande kriser.

Så det går ikkje berre framover! Før var vi undersåttar. No er vi kanskje kundar og klientar. Men det er statsborgarar vi bør vere.

¹ Dette er ein kortversjon av visse hovudpoeng i boka *Norsk og moderne*, Skirbekk 2010.

² Allereie i 1815 kritiserte østerdalsbonden Ola Aaset røysteretten hos embetsmennene, ut frå det prinsipielle argumentet at dei ikkje var sjølvstendige, men underlagde eit hierarkisk system som gjer det vanskeleg å kritisere dei ein er avhengig av (for å kunne avansere i systemet). Jf Marte Hommerstad 2014.

³ Jf boka *Tillit i Norge*, red. Helge Skirbekk 2012.

⁴ Eller betre: protestantisk, for den dansk-norske lutherdommen har sine særdrag, både som statspietisme (jf Erik Pontoppidan) og som folkeleg pietisme (med calvinistiske trekk, jf haugianarane).

⁵ Jf Michel Foucault, som ser skjult makt og disiplinering bak det meste.

⁶ Jf Max Weber, som ser moderniseringa som ein prosess mot meir rasjonalitet.

⁷ Uttrykket er lånt frå Nina Witoszek.

⁸ Dette passar inn i forklaringskjemaet hos Francis Fukuyama (Fukuyama 2014): Når statsbygging og lovstyre går hand i hand har vi eit godt grunnlag for eit velfungerande demokrati – men det tar tid; hos oss har vi ein stridig prosess på 70 år, frå 1814 til 1884. (Fukuyama, som statsvitar og historikar, har lite å seie om opplysningsprosjektet som vilkår for eit moderne og velfungerande demokrati.)

⁹ Jf «Språkhistorie og symbolmakt».

¹⁰ Jf den gjennomgåande mangel på religionskritikk i USA, som m.a. vanskeleggjer ein fornuftig og ansvarleg politikk overfor Israel.